

10.000 til oppbygging av leikeplass.

03.06.2017



Her skal det først rydjast, så skal det bli leikeplass.

Då Kvinnherad Energi AS nyleg delte ut kultur- og idrettstilskot for 2017, vart Korsnes Vel tildelt 10.000 kr til oppbygging av leikeplass i indre del av byggjefellet, nedanfor bustaden til Rune og Reidunn Myklebust. Korsnes Vel har sett av 30.000 kr til prosjektet så no har dei 40.000 til rådvelde.



Denne leikeplassen har vore mykje brukt, men den ligg i svært trafikert område.

Silje Øye i arbeidsgruppa fortel at småbarnsforeldra lenge har hatt ønske om ein trygg og god leikeplass. Leikeplassen oppå ved ballbingen har vore mykje nyttå, men den er ikkje særleg god eller trygg . Sidan den ligg rett i hovudnedkjørsla til feltet er det mykje trafikk der.

Silje Øye seier vidare at plassen oppå ved Reidunn og Rune var leikeplass tidligare, og ligg fint til - men der er det overgrodd, og det er massar som har blitt dumpa gjennom åra. Dermed vert det ein heila ryddejobb som første del av arbeidet. Derfor satsar dei på nokre ettermiddagar med dugnad for å rydda og køyre vekk massar.

- Det må nytt gjerde på plass, og vi ser for oss å handle inn dissestativ, bygge sandkasse og vippe. Sklie, benker og båt vil vi ha på plass og, seier Silje om dei vidare planane.
- Dei vil også sjå om dei kan få laga til ein gapahuk med plass til bålpanne, slik at det vert ein samlingsplass for både små og store.
- Vi blir glade for alle som vil hjelpe: foreldre, besteforeldre, tanter og onklar - alle som kan og vil vera med å laga ein kjekk samlingsstad i feltet, avsluttar Silje Øye som ser fram til å koma i gang med arbeidet. Når det vert dugnad, vil m.a. bli gjort kjent ved notisar på uskedalen.no.

Det vart tilsaman tildelt 198.000 kr til ulike prosjekt rundt i kommunen frå Kvinnherad Energi AS. Største tildelinga gjekk til idrettslaget Strand Ulv som skal byggja strandvolleyball-hall. Etter det vi kjenner til, vert det den første innandørs strandvolleyballbanen i landet, men så har også hatlestrendingane spelarar heilt i verdstoppen i denne idrettsgreina.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland